

gen med byrsa mi, og då eg um ei stund var trøytt, sette eg meg på ein trestomn og kvilde. Medan eg sat der, kom eg til å gjeva gaum etter ein fugl, som flaug skrikande kring reidet sitt uppe i eit tre. Han syntest å vera ottesam og redd. Då eg såg betre etter, vart eg var ein giftig orm som kraup burtimot treeet, og som syntest å stira på fuglen og reidet hans.

Dåtteleg såg eg hanfuglen fljuga burt, liksom han vilde leita upp noko. Ei liti stund etter kom han attende med ein grøn kvist i nebbens sin. Kvisten la han yver reidet, so han dekte maken og ungane. Derpå flaug han upp i ei av dei høgste greinene i treeet og syntest å bida på at fienden skulde koma.

Ormen hadde snart nått treeet og kraup opp til reidet, med di han ringa seg ikring treeet og burt etter greini, der reidet var. Han lyfte alt hovudet til åtak. Men med eitt fieldt han stilt og stirde på den grøne kvisten, kasta so hovudet dåtteleg attende og drog seg hastig ned av treeet.

Eg var forviten etter å finna grunnen til denne merkelege åferdi av ormen, kraup difor upp i treeet og såg nærmare på kvisten. Eg såg då, at kvisten var teken av eit giftigt tre, som ormane er redde og aldri rører.

Med same reiste det spursmålet seg i meg: «Kven lærde fuglen å bera seg so klokt åt?» Svaret kom fort som ljonelden: «Ingen annan enn den allmektige Gud, som du nektar.» Dette drog meg til Gud. No kviler eg i hans tilgjevande nåde og hev fred og gleda i mitt hjarta og ei sæl von um eit ævelegt liv.

Det venaste syn.

Det venaste syn som eg fær sjå eg unge på kne for Gud.

Fyrste gongen eg høyrd den songen, der desse ordi stend, tok den meg med ei underleg kjensla, ei kjensla av noko usegjeleg stort og fagert, som eg aldri fyrr hadde visst av. Eg forstod, at denne songen var dikta ut av ei varm kristen-sjel, som sjølv var komi «på kne for Gud». Og eg tenkte: Når skal eg få uppleva ei slik stund?

Når det sidan hev hendt, at modløysa hev vilja kjøva meg, so hev eg ikkje visst ei betre råd enn stilt, for meg sjølv å syngja:

Kor mykje stort, kor mykje gildt, kor mykje herlegdom, dei unge sitt liv kann syna fram som Frelsarens eigedom.

Når berre Frelsaren vinna fær dei unge hjarto fullt og allting upp i dagen ligg og ingen ting er dult.

Då hev dei myrke tankane og den hugsåre tvilen kvorve burt.

Song er for meg den beste preike både når eg er glad og når eg er sorgfull. Det gildaste eg veit, er å høyra ei god og rik kristensjel syngja um Gud. Sjølv kann eg ikkje syngja som andre syng. Eg kann ikkje syngja for andre, men for meg sjølv kann eg syngja. Det gier ikkje noko um røysti skurrar litt — det syng i hjarto her inne.

Ein kann ofte høyra sagt: At gamle folk bed til Gud, det kann so vera; dei hev ikkje anna å gjera og skal snart døy. Men at livsglade ungdomar gjev seg av med å halda bøner, det skynar eg ikkje. —

Til slike veit eg ikkje betre svar å gjeva enn dette: «Det venaste syn som eg fær sjå, er unge på kne for Gud.» Og eg vil leggia til:

All ungdomsgleda rik og stor frå denne kjelda flyt. Guds ord i all sin herlegdom me unge sanna lyt.

Ved synet av hans kjærleik stor me ikkje anna kann enn syngja ut vårt vitnemål: Me vil til livsens land.

Gjev kvar ungdom i hjarta måtte koma «på kne for Gud!»

K. V.

Bladmannaskulen

gjev opplæring i bladarbeid ved brevbytte. Plan fritt.

Bladstyrar HANS AARNES,
Bygdøy, Oslo.

Solglimit

månadsblad for Norsk vanføresak — kjem ut i Alvøy, pris kr. 2,00 um året. Meldingar, utgreidningar um saki frå inn- og utland, forteljingar o. a. Styd vanføresaki ved å tinga bladet!

FRAM

14-dagleg tidsskrift, utgjeve
av studentmållaga i Oslo,
Nidaros og Aas.
Kostar berre kr. 1,50 kvartalet.
Fritt og friskt.

Bondeungdomslaget, Stavanger

Matstova, Øvre Holmegt. 20
Kaffistova, Torget 6
Kaffistova, Østervåg 25.
GOD MAT OG GODT STELL.

Kaffistovone åt mållaget Haugesund.

Telefongarden Torget og Haraldsgt. 126
ved Landmannstorget.
Framifrå stell.

Beste og billegaste matstover i byen
Husbunad i norsk stil. Stort bladhald.

STILLE STUNDER kjem ut i Volda kvar 14. dag og kostar med sendepengar kr. 3.00 for året. Tingarsamlarar fær for 5 løyste blad det 6te fritt. Kan tingast på alle poststadar i landet. Uppsegjingar av bladet må vera komne til sendestova innan utgangen av halvåret. Elles stend tingingi fast. Tilskrift til styret og sendestova er fru sokneprest Barstad, Volda

M. Arflot's prenteverk — Volda.

Hundrin
Komise Hardråds Grimstad



Nr. 7.

15. april 1933.

45. årgangen.

Frå palmesundag til påskedag.

Etter Joh. Barstad.

(Resten.)

—o—

Kongen sterke i strid.

Jesus lyft ditt ljose merke, du, som myrkret y vervann! Syn, at enn du er den sterke, som mot Satan sigra kann! Um han kjem i engleham, fer med lygn og løynråd fram, um med vald han vil oss herja, du den sterke kann oss verja. Les Mark. 11, 27—12, 40!

Tysdagen var for Jesus ein strid arbeidsdag. Det er då det siste store slaget stend millom honom og fiendane, som gjer sine åtak flokk for flokk. Men han møter deim med sin motåtak, og stend sistpå som sigerherre.

Straks Jesus kom til tempelfyregården, opnar fiendane kampen. Det var harmen frå dagen fyrr, då han tillet seg å reinsa templet, som brann i deim. Dei hadde alt då lagt råd opp um å gjera det av med honom. Men dei kom seg ikkje for med det då. Dei var so aga av hans personlege makt. Desutan var det ei vanskeleg sak, fordi folket sette Jesus høgt. Dei måtte taka seg tid og vega saki vel.

No hadde dei fenge lagt si plan, og modet hadde vakse. Dei vilde taka honom i forhøy og få honom sett i gapestokken, med di dei ville få det offentleg fastslege, at han hadde tilteke seg ei makt han ikkje hadde.

Difor samlar dei seg ikring honom, straks han kjem til templet, og spør høglydt, kvar han hadde makti frå til å gjera, som han hadde gjort.

Dei stend med spaning for å høyra, kva han no vilde svara. Berre det høge råd eller øvst prestane eller kanskje også landshovdingen kunde eiga velde til å gripa inn på ein sovoren måte. Ingen av desse hadde sett honom til tempelpoliti. Dei hadde difor ei von um, at han no skulde verta sett fast og måtte medgjeva, at det var ei ulovleg sjølvteki makt han hadde brukt. Og då var han ikkje den skuldlause profeten som han gav seg ut for.

Men Jesus avværpnar deim med sitt kloke motspursmål.

Der var ein annan, som hadde stige fram med stort velde og svanga riset yver folket sin därskap. Det var Johannes døypar. Han var heller ikkje godkjend av nokor menneskelig styremakt, so stoda hans var ei liknande som Jesus si.

Kvifor hadde dei ikkje teke det på same måten med han? Dei hadde

de nok sendt prestar og levitar og spurt honom: «Kven er du?» Men dei hadde ikkje drege i tvil, at han måtte vera ein som Gud hadde sendt — anten sjølle Messias eller Elias eller profeten. Tvert um. Desse spursmåli synte, at dei heldt honom for ein som hadde makt ifrå Gud. Og deira stode til Jolannes seinare, då dei heldt honom for den store religiøse folkehelt, stadfestet dette.

No kunde dei først segia honom kvar Johannes hadde makti si ifrå. Men der kom dei i ei vand stoda. Skulde dei svara det, som i grunnen både folket og dei sjølle heldt Johannes si makt for, so skyna dei, at likskapen med Jesus var so stor, at dei og måtte medgjeva, at han hadde makti si frå same kjellda. Og so vilde dei koma i vande med det og, at dei ikkje hadde trutt honom og retta seg etter ordi hans då han livde. Skulde dei so nekta Johannes sin guddomlega rett, so vilde dei få folket på seg, som no alle heldt honom for ein sann; d.v.s. gudsend profet.

So valde dei å svara, at dei visste det ikkje, det for deim sjølle dårlegaste svar. For det var då å gjera seg so åndeleg fallit, at det ingen meining var i å gå vidare inn på det spursmålet, som dei hadde gjeve honom. Denne slutningi av deira svar dreg no også Jesus, med

di han segjer: «Då segjer ikkje eg dykk, kva rett eg hev til å gjera dette». Og til det veit dei inkje å segja.

Men no gjer Jesus eit kjærleikens åtak, um det kunde lukkast honom å få deim til å kanna si synd og sokja frelsa.

Han gjer det på den måten, at han fortalde ei likning, der han skildrar folket si illferd mot Gud. Og han brukar ei likning frå det gamle testamente (Es. kap. 5), som dei alle kjende. Han gjer berre nokre brigde, so det kunde høva betre for stoda som ho var no. Medan det hjå Esaias er sjølve vinhaugen som narrar sin eigar og berre ber sure druvor, so er det her leigaranane av vinhaugen som ikkje vil leggja det dei er skuldige til. Eigaren sender bod etter bod, men dei fer berre ille med sendemenne, og deira åtferd aukar i vondskap for kvar gong; først sender dei honom tomhendt burt, so slær dei honom og hæder honom, endleg drep dei honom. Sistpå sender eigaren, som var tolmodig til det ytterste, sjølve sonen sin, med di han tenkte, dei vilde hava age for honom. Men då set dei toppen på alle sine forbrot, med di dei også slær honom i hel.

No uppmadar Jesus sine åhøyraar til å fella domen yver slik framferd. Og svaret kann ikkje vera tvilsamt. Etter Matteus svarar folket sjølve, at desse vingardsmennar hadde fortent øydelegging. Liksom David framfor profeten Nathan fell dei sjølve sin eigen dom. Dei må tvillaust havå skyna, at det var jødefolket som var meint. Men dei tykst ikkje kjenna seg saka og feil difor domen med blankt andlet. Dei vil ikkje kjennast ved det. Men ordi hev gjenge deim til hjarta — ikkje til ettertanke og umvending diverre, som Jesus vilde, men til større harm og forherding. Difor tenkjer dei på å leggja hand på honom no med same, men dei torde ikkje for folket, og difor laut dei.

dragia seg attende.

Men no spinn dei saman ei ny råd til å fanga Jesus. Dei som skal utføra dette åtaket er farisearane og Herodesfolket. For det er eit politisk spursmål dei no vil fanga honom med. Farisearane og Herodesfolket var rike politiske motsetningar. Dei fyrste var nasjonale og vilde ikkje vita av Rom sitt yvervelde. Herodespartiet derimot var Romarvenlege og tykte det var det beste å stå under keisaren, som no rådde yver all verdi. Men nett av di dei var motsetningar, var dei høvelege til å utføra den lagde plani. For ved å svara på det spursmålet dei no skulde setja Jesus fast, so vilde der vera voner um å føra yver honom nekting av gamal grunnfast læra. Dei gjekk då ut frå lovi um levitaretekasp, det vil segja: lovi i 5 Mb. 25, 5 um, at når ein mann var død utan born, so skulde broren gifta seg med enkja og skaffa broren avkjøme. Dersom også denne døydde, skulde ein tridje bror giera det same. No sette dei fram det dømet, at der var sju brør, som på den måten ekta enkja, den eine etter den andre. Når so kona døydde, kven skulde ho vera kona til i uppstoda? Skulde ei kona gå og hava sju menn? Det var ein avstyggjelag tanke. For alle sju hadde same retten. Med dette hadde dei freista prova, at det rimelige var, at der ikkje var uppstoda eller liv etter dauden. Jesus slær snart dette deira i røyndi fävise prov til jordi. Han syner, at deira villferd i dette spursmålet hev sin grunn i, at dei korkje kjänner skriftene eller Guds kraft. Dei måtte vita, at etter uppstoda er dei komne inn i ein tilværeform, der ein korkje gjev eller tek til ekte. Ein er som englane i himmelen. Men so gjev Jesus ut av bibelen eit endeframt prov på, at der er liv etter dauden. Han minner um Guds ord: «Eg er Abrahams Gud og Isaks Gud og Jakobs Gud». Dette segjer Gud lenge etter at desse tri patriarkar er

gjeva keisaren det som han åtte og samstundes gjeva Gud sitt var ikkje motsetningar. Det var ikkje anten eller, men både og. — Folket vart standande i undring yver det kroke svaret, som ikkje gav fienda høve til nokor klage.

Men no tok det til å knipa for fiendane, då Jesus so sigerrik slo attende og vilde ikkje vita av Rom sitt yvervelde. Herodespartiet derimot var Romarvenlege og tykte det var det beste å stå under keisaren, som no rådde yver all verdi. Men nett av di dei var motsetningar, var dei høvelege til å utføra den lagde plani. For ved å svara på det spursmålet dei no skulde setja Jesus fast, so vilde der vera voner um å føra yver honom nekting av gamal grunnfast læra. Dei gjekk då ut frå lovi um levitaretekasp, det vil segja: lovi i 5 Mb. 25, 5 um, at når ein mann var død utan born, so skulde broren gifta seg med enkja og skaffa broren avkjøme. Dersom også denne døydde, skulde ein tridje bror giera det same. No sette dei fram det dømet, at der var sju brør, som på den måten ekta enkja, den eine etter den andre. Når so kona døydde, kven skulde ho vera kona til i uppstoda? Skulde ei kona gå og hava sju menn? Det var ein avstyggjelag tanke. For alle sju hadde same retten. Med dette hadde dei freista prova, at det rimelige var, at der ikkje var uppstoda eller liv etter dauden. Jesus slær snart dette deira i røyndi fävise prov til jordi. Han syner, at deira villferd i dette spursmålet hev sin grunn i, at dei korkje kjänner skriftene eller Guds kraft. Dei måtte vita, at etter uppstoda er dei komne inn i ein tilværeform, der ein korkje gjev eller tek til ekte. Ein er som englane i himmelen. Men so gjev Jesus ut av bibelen eit endeframt prov på, at der er liv etter dauden. Han minner um Guds ord: «Eg er Abrahams Gud og Isaks Gud og Jakobs Gud». Dette segjer Gud lenge etter at desse tri patriarkar er

døde. Når Gud brukar notid og segjer eg er deira Gud, so måtte dei liva endå. For Gud er då ikkje Gud for daude, men for livande. Med dette hev då sadducearane kome til kort, og Jesus stend atten med siger.

Dette såg meir og meir vonlaust ut. Der måtte freistast endå eit åtak. Og no skulde dei skriftlærde i veg med sin skriftklokskap og kringskap i ordskeftet. Dei valde då å føra fram for Jesus eit av dei vande lærespursmål, som der var ymse meininger um, nemleg det: Kva er det store bodordet?

Dei vel seg då ein, som skal bera spursmålet fram. Men dei hadde ikkje vore rett hepane med valet, for denne mannen hadde alt fenge stor age og vyrdnad for Jesus, so han gjekk ikkje fram med den same vonde baktanken som dei andre.

Då han hadde ført spursmålet fram, svara Jesus klårt og greidt med ordi frå 5. Mb. 6, 4 og 3. Mb. 19, 18. Det største bodordet er det som byd ein heil kjærleik til Gud, og det næst største det som byd kjærleik til næsten. Den skriftkloke stend der aga og hugteken av Jesu rette og råmande svar. Han må høglydt gjeva Jesus rett. Ja han legg til nokre ord som syner, at han er på veg frå åndlaus formdyrkning av Gud til ei dyrking i ande og sanning. Han vitnar, at dette med kjærleiken er større enn alle brennoffer og slaktoffer. Eg tykkjer eg ser, kor dei som stend bak vert forfærde og harme ved at det skulde gå so. Han som skulde vera deira mann svik og held på å gå yver til fienden. Jesus ser med godhug på mannen. Her var då ein, som gav sanningi rett. Difor segjer han til honom det store ordet: «Du er ikkje langt frå Guds rike». Istadefor at Jesus skulde verta fanga, fanga Jesus denne mannen. Fienden laut ikkje berre vika, men Jesus gjorde hertaking i fienden sitt læger. Salmeordet vart sanna: «Ver her-

EG VEIT EIN VEN —

Eg veit ein ven som aldri svik, ein som er trufast alle dagar. Av kjærleik er han varm og rik, for honom all mi naud eg klagar. Eg går til denne venen min når livet sorg og trengsla sender; han ser meg mildt i augo injn og signar meg med trugne hender. Innved hans fot eg kvila finn og sorgi om til hugnad vender.

Eg veit ein ven som aldri svik, difor er denne ven meg kjærast. Han er ei andre vener lik, i djupast naud er han meg nærast. Om eg har synd og nederlag, om andre vener burt seg gøymer; han syner same hjartelag, og ei sitt veike barn han gøymer. Men ifrå honom dag for dag ny nåde til mitt hjarta strøymer.

Eg veit ein ven som aldri svik. Aa mā eg aldri svika honom! Aa sjå han klårt og bli han lik i himmelen, det har eg von om. Men enno er eg veik og arm, og verdi vil so lett meg dåra. Aa, Frelsar styrk meg med din arm, og berga meg frå myrkheims fāra! Og gjev meg livd innved din barm når Satan vil mitt hjarta sāra.

AADNE LÖNNEGRAFF.

*

Dei to fyrste versi av dette vesle kvadet vart dikta og prenta her i bladet for ca. 20 år sidan. I nr. 3 av «St. St.» for iår har bladstyret prenta dei opp att.

Då eg no i vinter har vølt om dei to fyrste versi noko og dikta til eit nytt, sender eg kvadet inn på ny, i von om det må unnast spalterom enno éin gong. Aa. L.

re midt i millom dine fiendar!» Sal. 110, 2.

Slaget enda med nederlag for fienden. Ingen våga seg meir fram imot honom i open strid.

Men Jesus forfylgjer sigeren sin med eit spursmål vedkomande dei

skriftlærde. Dei kalla, som rett var, Messias for Davids son. Men David kalla honom herre. Korleis kann han då vera både Davids son og Davids herre? Ein son av ein konge er då aldri sin fars herre. For den som stend yver ein konge, må hava større makt og vyrdnad enn han. Den som var herre åt David, måtte stå yver David. Men det var ingen annan enn Gud. Er Messias difor Davids herre, so må han vera Gud eller hava Guds makt. Men difor han samstundes er Davids son, er han også eit menneske som David. I røyndi gjev difor Jesus her prov for, at Messias er både Gud og menneske. Men Messias, det var han sjølv. Det hadde han palmesundag late seg offentleg ropa ut til.

So held Jesus tilslutt si ålvorlege åtvaringstale, der han tek bladet frå munnen og gjev folki greida på, kva slags folk deira åndelege leidrar, dei skriftlærde, var. Dei måtte taka seg i vare for desse vill-leidrar.

Guds tale gjennom naturi.

Ein mann i New York råka ein dag ein av ungdomsvenene sine, som nett var komen attende frå Sudamerika. Faren åt denne venen var grunnrik, og hadde late etter seg stor rikdom til sonen sin. Men denne hadde brukt pengane i sus og dus, og hadde levt eit liv i synd utan Gud, som fritenkjar.

No hørdest det ut til at han hadde vorte eit anna menneske. Han saappa, at han hadde vorte umvend og ein ålvorleg kristen. Mannen var glad ved å merka dette, og ville gjerne høyra, korleis det hadde gjenge for seg.

Venen fortalde då dette: «Du veit at eg var sers glad i å gå på jagt. I Sudamerika hadde eg godt høve til å dra den sporten. Ein sundags-morgen vandra eg inn i sko-